

Til Noregs Bank

08.01.2021

Tilråding om å utelukke Oil & Natural Gas Corp Ltd fra Statens pensjonsfond utland

Samandrag

Etikkrådet tilrår å utelukke Oil & Natural Gas Corp Ltd (ONGC) frå Statens pensjonsfond utland (SPU) på grunn av ein uakseptabel risiko for at selskapet medverkar til alvorlege krenkingar av individ sine rettar i krig og konfliktsituasjonar.

Ved utgangen av 2019 eigde SPU aksjar for om lag 699 millionar NOK i ONGC, tilsvarande ein eigardel på 0,35 prosent i selskapet.

ONGC er eit indisk oljeselskap som driv oljeutvinning i Sør-Sudan. Selskapet deltek i to fellesføretak, der det sør-sudanske statlege oljeselskapet Nilepet er ein av forretningspartnarane. Sidan 2013 har det vore borgarkrig i Sør-Sudan, og overgrep mot sivilbefolkinga har vore ekstremt grove, slik som massedrap, seksuell vald og tortur. Overgrep er mellom anna utført av Sør-Sudan sitt militære og tryggingstenesta i landet. FNs menneskerettskommisjon har tilrådd at dei ansvarlege aktørane bør etterforskast for brotsverk mot menneskeheita og krigsbrotsverk.

Rådet meiner at selskap som operer i krig- og konfliktsituasjonar, må utvise ei særleg aktsemd når det er ein kjend risiko for å medverke til svært grove normbrot. Denne aktsemda gjeld også i val av forretningspartnarar. I denne saka vert kravet til aktsemd ytterlegare styrka av at oljeindustrien i Sør-Sudan er sterkt militarisert, og at den valdelege konflikten i stor grad er driven av kontroll over oljeresursane, mellom anna i området der ONGC har si verksemd.

Kva gjeld selskapet si medverknad til normbrota, legg rådet vekt på at selskapet ved å vere med i fellesføretaka aksepterer risikoene for å medverke til grove overgrep som vert gjort for å mogeleggjere oljeverksemda i Unity State. ONGC har også inngått forretningssamarbeid med aktørar som er direkte eller indirekte ansvarlege for svært alvorlege overgrep. Rådet legg vekt på at det er den nasjonale tryggingstenesta og militæret som står for tryggleiken ved oljefelta fellesføretaka driv. Tryggingstenesta yt også tenester til eit av fellesføretaka sitt hovudkontor, og tryggingssjefen ved dette fellesføretaket er brigadegeneral i tryggingstenesta. Etter rådet sitt syn vert selskapet si tilknyting til dei ansvarlege aktørane i konflikten ytterlegare styrka av at Nilepet har vorte nytta til å kanaliserer midlar frå oljeverksemda til miltære føremål. Rådet meiner at ONGC gjennom desse forretningssamarbeida har bidrige til å sikre inntekter til dei ansvarlege aktørane i konflikten, som kan ha nytta desse til å finansiere valdelege aksjonar mot sivilbefolkinga. Samarbeidet kan også ha gitt legitimitet til dei ansvarlege aktørane og kan verte oppfatta som ein implisitt aksept av deira framferd.

I sitt svar til Etikkrådet skriv selskapet at det ikkje er rapportert om nokon tilfelle av menneskerettsbrot inne på områda der selskapet driv oljeverksemd, og at det ikkje er nokon samanheng mellom overgrep mot sivilbefolkinga og selskapet si verksemd. Selskapet peikar også på at dei har gjort fleire investeringar, mellom anna innan helse og utdanning, for å betre livssituasjonen for sivilbefolkinga i Sør-Sudan. Rådet anerkjenner at slike tiltak kan ha ein positiv verknad for sivilbefolkinga, men meiner at tiltaka ikkje er eigna til å hindre eller avbøte konsekvensane av dei ekstremt grove normbrota gjort av aktørar selskapet har eit nært samarbeid med.

Etikkrådet legg til grunn at selskapet ikkje har tilstrekkeleg innflytelse til å hindre at militæret eller tryggingstenesta gjer nye overgrep mot sivilbefolkinga. Selskapet har heller ikkje gitt nokon indikasjonar på at det kan eller vil gjere endringar i eller avslutte forretningssamarbeida. Rådet merkar seg at sjølv om Sør-Sudan no er i ein skjør fredsprøsess, skjer det framleis svært alvorlege overgrep mot sivilbefolkinga. Så lenge selskapet held fram å samarbeide med dei ansvarlege aktørane i konflikten, meiner rådet at det er ein uakseptabel risiko for at selskapet medverkar til slike overgrep.

Innhald

1	Innleiing	1
1.1	Kva rådet har teke stilling til	1
1.2	Kjelder	2
2	Bakgrunn	3
3	ONGC si verksemد i Sør-Sudan	4
3.1	Fellesføretak for oljeutvinning	4
3.2	Konflikten i Unity State	5
3.3	Tilhøvet mellom ONGC og aktørar i konflikten	6
4	Informasjon frå selskapet	7
5	Etikkrådet si vurdering	8
6	Tilråding	9

1 Innleiing

Etikkrådet for Statens pensjonsfond utland har vurdert fondet si investering i Oil & Natural Gas Corp Ltd (ONGC)¹ opp mot kriteriet om alvorlege krenkingar av individ sine rettar i krig og konfliktsituasjonar i retningslinjene for observasjon og utelukking frå Statens pensjonsfond utland (dei etiske retningslinjene).²

ONGC er eit indisk oljeselskap der indiske styresmakter eig over 70 prosent av aksjane.³ Tilrådinga gjeld ONGC si verksemd i Sør-Sudan, der det i mange år har vore ei valdeleg konflikt. ONGC sin internasjonale arm ONGC Vindesh og datterselskapet ONGC Nile Ganga B.V. er involvert i oljeutvinning i landet gjennom to fellesføretak. ONGC sine forretningspartnerar i desse fellesføretaka inkluderer det statseigde sør-sudanske oljeselskapet Nile Petroleum Corporation (Nilepet), som har vorte nytta til å dekke militære utgifter. Fellesføretaka samarbeider også med den nasjonale tryggingstenesta som har gjennomført svært alvorlege overgrep mot befolkninga i landet. Tryggingstenesta har mellom anna ansvar for tryggleiken ved oljefelta.

Ved utgangen av 2019 eigde Statens pensjonsfond utland aksjar for om lag 699 millionar NOK i ONGC, tilsvarande ein eigardel på 0,35 prosent i selskapet. ONGC er børsnotert på Bombay Stock Exchange.

1.1 Kva rådet har teke stilling til

Etikkrådet har vurdert fondet si investering i ONGC opp mot dei etiske retningslinjene § 3 bokstav b: «*Observasjon eller utelukkelse kan besluttes for selskaper der det er en uakseptabel risiko for at selskapet medvirker til eller selv er ansvarlig for (...) alvorlige krenkelser av individers rettigheter i krig og konfliktsituasjoner*».

Etikkrådet har vurdert om denne saka gjeld ein konfliktsituasjon i retningslinjene sin forstand. Rådet legg i denne samanhengen vekt på om saka gjeld ein valdeleg situasjon der ulike organiserte grupper har delteke i stridigheter som går utover intern uro og spente situasjonar. I vurderinga av kva som utgjer alvorlege krenkingar av individ sine rettar i krig og konfliktsituasjonar, nyttar rådet internasjonalt anerkjende konvensjonar og autoritative tolkingar av desse. Av særleg betyding er felles artikkel 3 i Genève-konvensjonane som vernar sivile i ikkje-internasjonal væpna konflikt.

Etter Etikkrådet sitt syn må vurderinga av om risikoen for medverknad til normbrot er akseptabel eller ikkje, gjerast i lys av kva slags normbrot selskapet risikerer å medverke til. I saker der selskapet opererer i ein kontekst der det er ein kjent fare for å medverke til svært alvorlege normbrot, meiner rådet derfor at det må stillast eit særskilt krav til aktsemd frå selskapet si side.

På bakgrunn av den særlege risikoen for å medverke til alvorlege normbrot i krig og konfliktområder er det utvikla ei rekke internasjonale retningslinjer for å sikre at selskap som

¹ Issuer ID: 169871

² *Retningslinjer for observasjon og utelukkelse av selskaper fra Statens pensjonsfond utland*, <https://lovdata.no/forskrift/2014-12-18-1793>.

³ ONGC, *Shareholding Distribution as on March 31, 2020* [https://www.ongcindia.com/wps/wcm/connect/a52398aa-f384-4095-8b25-d73dab24a017-n8oycap](https://www.ongcindia.com/wps/wcm/connect/a52398aa-f384-4095-8b25-d73dab24a017/Shareholding+Distribution+As+31.03.2020.pdf?MOD=AJPERES&CONVERT_TO=url&CAC_HEID=ROOTWORKSPACE-a52398aa-f384-4095-8b25-d73dab24a017-n8oycap)

operer i slike område, gjer nødvendige aktsemndsvurderingar og set i verk tiltak for å sikre at dei ikkje medverkar til normbrot.⁴ Den strengare aktsemdsnoma som Etikkrådet legg til grunn for selskap som har verksemd i krig- og konfliktområder, er altså i tråd med anerkjende retningslinjer. Sjølv om desse retningslinjene ikkje direkte føreskriv kva tiltak eit selskap må sette verk for å unngå å medverke til alvorlege normbrot, meiner Etikkrådet at den særlege aktsemda også må gjelde i val av forretningspartner. Alle normbrot som ein forretningspartner gjer, vil likevel ikkje kunne danne grunnlag for ei tilråding om utelukking eller observasjon frå Etikkrådet. I kva grad terskelen for utelukking frå fondet er nådd, vil avhenge både av normbrotet si grovheit og selskapet si tilknyting, samt om selskapet har sett i verk tiltak som er eigna til å forhindre at det medverkar til nye normbrot.

Denne saka gjeld selskapet si deltaking i eit fellesføretak. Når deltaking i eit fellesføretak føreset ein aksept for å verte involvert i alvorlege normbrot, har det ikkje betydning for rådet si vurdering av selskapet sin medverknad om selskapet er minoritetseigar.⁵

I vurderinga av selskapet sin medverknad legg rådet vidare vekt på at det må vere ein konkret samanheng mellom selskapet si verksemd og krenkingane. Selskapet må enten aktivt ha medverka til normbrota eller hatt kunnskap om dei, men unnlate å forsøkje å hindre dei på ein føremålstenleg måte. Dersom det ikkje er mogeleg å hindre normbrota, meiner Etikkrådet at selskapet må trekke seg ut av verksemda. Dei etiske retningslinjene er også framoverskodande, og normbrota må derfor vere pågåande, eller det må være ein uakseptabel risiko for at krenkingar kan skje i framtida. I vurderinga av risikoene for nye krenkingar kan tidlegare normbrot gi ein indikasjon på framtidige handlingsmønster.

1.2 Kjelder

I denne saka har Etikkrådet nytta offentleg tilgjengeleg informasjon, mellom anna frå ulike FN-organ, media, sivilsamfunn og offentlege styresmakter. Den menneskerettslege og humanitære situasjonen i Sør-Sudan er dokumentert i fleire rapportar frå FNs menneskerettskommisjon for Sør-Sudan,⁶ FNs fredsbevarande styrker i Sør-Sudan⁷ og FNs ekspertpanel for Sør-Sudan.⁸

⁴ Sjå til dømes Report of the Working Group on the issue of human rights and transnational corporations and other business enterprises, Business, human rights and conflict-affected regions: towards heightened action, <https://undocs.org/en/A/75/212> og Global Compact/PRI's Guidance on Responsible Business in Conflict-Affected and High-Risk Areas: A Resource for Companies and Investors, https://d306pr3pise04h.cloudfront.net/docs/issues_doc%2FPeace_and_Business%2FGuidance_RB.pdf.

⁵ Etikkrådet, tilråding frå 2011 om Posco, Daewoo International Corporation, Oil and Natural Gas Corporation Ltd (ONGC), GAIL India, Korea Gas Corporation (Kogas), s. 2 <https://etikkradet.no/posco-daewoo-international-corporation-oil-and-natural-gas-corporation-ltd-ongc-gail-india-korea-gas-corporation-kogas-3/>

⁶ FNs menneskerettskommisjon i Sør-Sudan (The UN Commission on Human Rights in South) er eit uavhengig organ med følgjande mandat frå FNs menneskerettsråd: “*The Commission’s mandate is to determine and report the facts and circumstances of, collect and preserve evidence of, and clarify responsibility for alleged gross violations and abuses of human rights and related crimes, including sexual and gender-based violence and ethnic violence, with a view to ending impunity and providing accountability.*” Rapportane frå kommisjonen er tilgjengelege her: <https://www.ohchr.org/EN/HRBodies/HRC/CoHSouthSudan/Pages/Index.aspx>.

⁷ United Nations Mission in South Sudan er ei fredsbevarande FN-styrke oppretta i 2011 av FNs tryggingsråd. Menneskerettsrapportane frå operasjonen finn du her: <https://unmiss.unmissions.org/human-rights-reports>.

⁸ FNs ekspertpanel for Sør-Sudan (*UN Panel of Experts on South Sudan*) bistår komiteen i FNs tryggingsråd som overser sanksjonane mot Sør-Sudan. Rapportane frå ekspertpanelet er tilgjengeleg her: <https://www.un.org/securitycouncil/sanctions/2206/panel-of-experts/reports>.

Rådet sendte ein førespurnad om informasjon til ONGC 11. mai 2020, men selskapet svara ikkje på dette brevet. 22. juni 2020 sendte rådet utkast til tilråding om utelukking frå SPU. Selskapet gav sine kommentarar til utkastet til tilråding i brev av 23. juli 2020.

2 Bakgrunn

Etter mange år med borgarkrig i Sudan vart Sør-Sudan uavhengig i 2011. Mindre enn tre år seinare, i desember 2013, førte konflikt mellom ulike grupperingar det unge landet ut i ein ny, valdeleg borgarkrig. Ettersom økonomien i Sør-Sudan er djupt avhengig av inntekter frå oljeindustrien i landet,⁹ har kontroll over oljeressursane vore ein sentral drivar i konflikten. I fleire fasar av konflikten har valden derfor vore særleg intens i dei oljerike regionane nord i landet, inkludert Unity State.¹⁰

Konflikten har hatt enorme menneskelege konsekvensar, og sivilbefolkinga i landet har vorte utsett for ekstreme former for overgrep, inkludert tortur, gruppevaldtekter og massedrap.¹¹ Svært mange barn har vorte offer for konflikten, mellom anna ved rekruttering av barnesoldatar, men også drap, lemlesting og valdtekts av barn. Overgrep mot sivilbefolkinga er utført av ulike aktørar i konflikten, inkludert militæret, den nasjonale tryggingstenesta og politiet. Væpna opposisjonelle styrker og militsar knytt til ulike sider av konflikten er også ansvarlege for slike overgrep. FNs menneskerettskommisjon har tilrådd at dei ansvarlege aktørane bør etterforskast for brotsverk mot menneskeheita og krigsbrotsverk.¹²

Sidan konflikten eskalerte i 2013, har ulike aktørar i konflikten sluttar seg til over ti fredsavtaler og våpenkviler med sikte på å få slutt på konflikten, utan å lukkas.¹³ Den internasjonalt forhandla fredsavtalen frå 2015, *Agreement for the Resolution of the Conflict in South Sudan*, kollapsa sommaren 2016. Avtalen vart teke opp att i september 2018, no kalla *the Revitalised-Agreement for the Resolution of the Conflict in South Sudan*. Den nye fredsavtalen har lukkast i å redusere valden mellom dei sentrale aktørane i konflikten,¹⁴ medan andre væpna grupper har nekta å signere avtalen.¹⁵

I februar 2020 vart hovudaktørane i konflikten einige om å danne ei koalisjonsregjering. Til trass for denne framgangen er fredsprosessen skjør, og ein del ekspertar fryktar den vil kollapse på same måte som tidligare prosessar.¹⁶ Enkelte væpna grupper står utanfor

⁹ Styresmaktene i Sør-Sudan, *Ministry of Finance and Planning*, Statsbudsjettet, side ii) <http://www.mofep-grss.org/wp-content/uploads/2019/12/FY-2019-2020-Approved-Budget-Book.pdf>.

¹⁰ Sjå til dømes *The Human Security Baseline Assessment for Sudan and South Sudan, A project of the Small Arms Survey, The Conflict in Unity State, Describing events through 23 February 2016*, http://www.smallarmssurveysudan.org/nc/de/facts-figures/south-sudan/conflict-of-2013-14/the-conflict-in-unity.html?sword_list%5B0%5D=unity&sword_list%5B1%5D=state og Crisis Group, South Sudan: *Compounding Instability in Unity State*, 17. oktober 2011, <https://www.crisisgroup.org/africa/horn-africa/south-sudan/south-sudan-compounding-instability-unity-state>.

¹¹ FNs menneskerettsråd, *Conference Room Paper of the Report of the Commission on Human Rights in South Sudan*, 21. februar 2019, <https://undocs.org/en/A/HRC/40/CRP.1> og *Report of the Commission on Human Rights in South Sudan*, 31. januar 2020 <https://undocs.org/A/HRC/43/56>.

¹² FNs menneskerettsråd, 31. januar 2020 s. 20

¹³ The Africa Center for Strategic Studies, *Timeline of South Sudan Peace Agreements and Violence*, 18. desember, 2019 <https://africacenter.org/spotlight/timeline-of-south-sudan-peace-agreements-and-violence/>

¹⁴ FNs tryggingsråd, *Situation in South Sudan, Report of the Secretary-General*, 10. September 2019, s. 4 <https://undocs.org/en/S/2019/722>.

¹⁵ FNs tryggingsråd, *Letter dated 9 April 2019 from the Panel of Experts on South Sudan addressed to the President of the Security Council, Summary* <https://www.undocs.org/S/2019/301>.

¹⁶ Sjå til dømes Foreign Policy, *Diplomats Fear a Collapse of South Sudan's Latest Peace Deal*, <https://foreignpolicy.com/2020/03/05/south-sudan-peace-deal-diplomats-fear-collapse/>.

prosessen, og det er lite eller ingen framgang på eit av dei mest omstridde punkta i fredsavtalen som gjeld reform av dei væpna styrkane.¹⁷ Gjennomføringa av fredsavtalen lid også som følgje av mangel på naudsynte midlar og ressursar.¹⁸

Medan fredsavtalen har bidrige til å redusere valden i Sør-Sudan, særleg ved å redusere opne, væpna konfrontasjonar mellom hovudaktørane i konflikten, held vald og overgrep fram i landet.¹⁹ Ei betydeleg auke i valdshendingar vart rapportert frå 2019 til 2020.²⁰ FNs våpenembargo og sanksjonar mot regimet i Sør-Sudan har vorte fornja to gongar sidan fredsavtalen vart signert, og er framleis i kraft.²¹

Alvorlege menneskerettsbrot gjort av militærer og den nasjonale tryggingstenesta har også haldt fram etter fredsavtalen, slik som vilkårleg arrestasjon og internering.²² FNs ekspertpanel skriv følgjande i april 2020:²³

Amid the implementation of the revitalized peace agreement, the National Security Service has expanded its unchecked security control to silence political and civic dissent. It has arbitrarily detained civilians at a prison known as “River side” and committed serious human rights violations. The military intelligence of the South Sudan People’s Defence Forces has conducted similarly violent and extrajudicial activities.

3 ONGC si verksemd i Sør-Sudan

3.1 Fellesføretak for oljeutvinning

ONGC vart ein del av Greater Nile Petroleum Operating Company (GNPOC) i Sudan i 2002. Sidan då har fleire oljeselskap forlate landet på grunn av den valdelege konflikten og den usikre økonomiske situasjonen. Då Sør-Sudan vart sjølvstendig i 2011, vart ONGC sine oljeinteresser splitta mellom dei to landa. ONGC behaltdt ein del i GNPOC som har verksemd i Sudan, og vart i tillegg med i to nyoppredda fellesføretak for oljeutvinning i Sør-Sudan.

I dag er ONGC med i to av dei tre fellesføretaka som driv med oljeutvinning i Sør-Sudan - Greater Pioneer Operating Company (GPOC) og Sudd Petroleum Operating Company (SPOC).

GPOC vart etablert i 2012 og driv blokk 1, 2 og 4 i den nordlege delen av Unity State.²⁴ Fellesføretaket består av ONGC (25 prosent), China National Petroleum Corporation (CNPC)

¹⁷ FNs tryggingsråd, *Situation in South Sudan, Report of the Secretary-General*, 8. September 2020, s. 2 <https://undocs.org/S/2020/890>

¹⁸ FNs tryggingsråd, *Letter dated 20 November 2019 from the Panel of Experts on South Sudan addressed to the President of the Security Council, Summary* <https://www.undocs.org/S/2019/897>.

¹⁹ FNs tryggingsråd, *Situation in South Sudan, Report of the Secretary-General*, 10. September 2019, s. 4 <https://undocs.org/en/S/2019/722>.

²⁰ United Nations Mission in South Sudan, Human Rights Division, Quarterly Brief on Violence Affecting Civilians, January – March 2020.

https://unmiss.unmissions.org/sites/default/files/unmiss_hrd_quarterly_brief_on_violence_affecting_civilians_-jan-march_2020.pdf.

²¹ FNs tryggingsråd, *Resolutions of the South Sudan Sanctions Committee*, <https://www.un.org/securitycouncil/sanctions/2206/resolutions>.

²² Sjå til dømes Eye Radio, NSS detains “Gurush wen?” activist, 17. juni 2020 <https://eyeradio.org/nss-detains-gurush-wen-activist/>.

²³ FNs tyggingsråd, *Letter dated 28 April 2020 from the Panel of Experts on South Sudan addressed to the President of the Security Council*, s. 2 <https://www.undocs.org/S/2020/342>.

²⁴ FNs menneskerettsråd, 21. februar 2019, s. 128.

(40 prosent), Petronas Carigali Oversas (30 prosent) og Nilepet (5 prosent). Fellesføretaket si verksemd har gradvis starta opp att sidan august 2018 etter at valdelege samanstøyt øydela mykje av føretaket sine innretningar i 2013. I januar 2019 tok fellesføretaket opp att produksjonen ved fem brønnar på oljefelta i Unity.

SPOC driv blokk 5A i Thar Jath i Unity State. Det er forventa at mesteparten av oljereservane i Sør-Sudan er å finne innanfor blokk 5A. SPOC er eigd av ONGC (24,1 prosent), Petronas (67,9 prosent) og Nilepet (8 prosent). Verksemda er for tida ikkje i drift,²⁵ men er ein del av styresmaktene sine planar om vidare oljeproduksjon.²⁶ Ettersom korkje GPOC eller SPOC var i drift mellom 2013 og 2018, vart majoriteten av landet sine oljeinntekter i denne perioden gererert av eit tredje fellesføretak, Dar Petroleum Operating Company (DPOC), der ONGC ikkje er medeigar.

3.2 Konflikten i Unity State

Unity State, der både GPOC og SPOC opererer, har vore eit sentralt område i konflikten i Sør-Sudan langt tilbake i tid.²⁷ Oljefelta har gjort området til eit strategisk mål for både styresmaktene og væpna opposisjonelle grupper. Samstundes er området utspring for fleire konfliktlinjer knytt til stammer og etniske grupper. I sin rapport frå 2019 peikar FNs menneskerettskommisjon særleg til Unity State i si drøfting om oljeindustrien si rolle i konflikten:²⁸

The armed conflict in South Sudan is being driven primarily by the need to control the oil-producing areas in Unity and Upper Nile states. That aim has been a major driver of the continuing ethnic violence, which has led to enormous human suffering and violations of human rights and international humanitarian law.

I april til juni 2018 leia militæret i landet ein offensiv i Unity State. Over ein periode på tre månader vart omlag 40 landsbyar angripne. UNMISS sin menneskerettsavdeling (HRD) beskriver nokre av overgrepene i ein rapport frå juli 2018:²⁹

120 girls and women were raped or gang-raped. HRD also documented the killing of 232 civilians including 35 children, 50 women – including 25 who were killed by hanging, and 63 individuals comprising of children, elderly and persons with disabilities who were burned alive across these locations. UNMISS and humanitarian organizations documented that, as a direct result of these attacks, an estimated 1,995 people were forcibly displaced including 1,350 children.

FNs menneskerettskommisjon skreiv i sin rapport frå 2019 om motivasjonen bak offensiven:³⁰

The Government offensive in Unity State in April to June 2018, appears to have been undertaken to a large degree for the purpose of gaining control of the road going south from Bentiu to Koch and Leer Counties, leading to Adok Port on the White Nile

²⁵ FNs menneskerettsråd, 21. februar 2019, s. 128.

²⁶ FNs, tryggingsråd, *Letter dated 27 June 2018 from the Permanent Representative of the Sudan to the United Nations addressed to the President of the Security Council*, s. 3 <https://undocs.org/S/2018/641>

²⁷ Sjå til dømes European Coalition on Oil in Sudan, *The Legacy of Lundin, Petronas and OMV in Block 5A, Sudan 1997 – 2003*, https://www.ecosonline.org/reports/2010/UNPAID_DEBT_fullreportweb.pdf.

²⁸ FNs menneskerettsråd, 12. mars 2019

²⁹ UNMISS, *Indiscriminate Attacks against Civilians in Southern Unity April-May 2018, Executive Summary* https://unmiss.unmissions.org/sites/default/files/20180709_final consolidated version of unmiss hrd report.pdf.

³⁰ FNs menneskerettsråd, 21. februar 2019, s. 131.

river, and either pacifying or removing civilian population from the areas near the oil fields by using extremely violent methods.

Motivasjonen bak offensiven var etter dette delvis knytt til å starte opp att oljeproduksjonen i Unity, men det låg samstundes andre politiske og militære motivasjonar bak angrepa.³¹ Like fullt annonserte styresmaktene hausten 2018 at oljeproduksjonen skulle takast opp att nord i Unity State, noko som førte til at GPOC hadde produksjon for første gang på mange år.³²

3.3 Tilhøvet mellom ONGC og aktørar i konflikten

Menneskerettskommisjonen beskriv oljeindustrien i Sør-Sudan som militarisert og sterkt prega av tryggingsinteresser. Mellom anna har kommisjonen fått informasjon om at aktørar frå den sør-sudanske tryggingstenesta er utplassert hjå fellesføretaka, både på føretaka sitt hovudkontor og ute i oljeregionane.³³ FNs ekspertgruppe peikar vidare på at i tillegg til den nasjonale tryggingstenesta, yt også militæret tryggingstenester ved oljefelta drive av GPOC og SPOC.³⁴ Fellesføretaka betaler for trygginga av anlegga til oljedepartementet som i sin tur overfører midlar til tryggingstenestene gjennom den ordinære budsjettprosessen. Dette er den vanlege måten å organisere trygging av oljeverksemd i landet. I tillegg har fellesføretaka ytt stønad i naturalia til den nasjonale tryggingstenesta og militæret som står for tryggleiken ved oljefelta.

FNs ekspertpanel rapporterer også at selskapa Sudd Security Services Co Ltd og Sudd Services and Investment Co Ltd, to selskap som er kontrollert av den nasjonale tryggingstenesta, sel tryggingstenester til GPOC.³⁵ Mellom anna yt Sudd Security Services tryggleik, sjåførtenester og vedlikehald ved hovudkvarteret til GPOC. Tryggingssjefen ved GPOC er også brigadegeneral i den nasjonale tryggingstenesta.

Menneskerettskommisjonen peikar vidare på ONGC sin forretningspartner Nilepet som ein sentral aktør i krigsøkonomien, og konkluderer med at myndighetene har nytt oljeselskapet til å finansiere konflikten ved å overføre midlar til krigsføremål gjennom selskapet.³⁶ Nilepet er også nemnd i fleire rapportar frå FNs ekspertgruppe som har peika på at selskapet har medverka til at inntekter frå oljeindustrien har vorte nytt til å finansiere styresmaktene sine valdshandlingar.³⁷ Leiaren av den nasjonale tryggingstenesta skal også ha hatt ein plass i styret i Nilepet sidan 2014.

I mars 2018 annonserte det amerikanske handelsdepartementet at det hadde oppført både GPOC, SPOC og Nilepet på ei sanksjonsliste (the Entity List).³⁸ Amerikanske styresmakter

³¹ UNMISS, OHCHR; Indiscriminate Attacks Against Civilians In Southern Unity April-May 2018 https://unmiss.unmissions.org/sites/default/files/unmissohchr_report_on_indiscriminate_attacks_against_civilians_in_southern_unity_april-may_2018.pdf.

³² Bloomberg, South Sudan Resumes Output in Key Oil Area After Five-Year Halt, 26. august 2018. <https://www.bloomberg.com/news/articles/2018-08-26/south-sudan-restarts-unity-oil-output-at-45-000-barrels-a-day>.

³³ FNs menneskerettsråd, 21. februar 2019, s. 131.

³⁴ FNs tryggingsråd, Letter dated 28 April 2020 from the Panel of Experts on South Sudan addressed to the President of the Security Council, s. 27 <https://www.undocs.org/S/2020/342>.

³⁵ FNs tryggingsråd, 28.april 2020, s. 27.

³⁶ FNs menneskerettsråd, 21. februar 2019, s. 203.

³⁷ Sjå til dømes FNs tryggingråd, Letter dated 9 April 2019 from the Panel of Experts on South Sudan addressed to the President of the Security Council, s. 16 <https://www.undocs.org/S/2019/301>.

³⁸ The Bureau of Industry and Security (BIS) of the U.S. Department of Commerce, 15 South Sudanese Entities Added to the Entity List, <https://www.bis.doc.gov/index.php/regulations/1407-15-south-sudanese-entities-added-to-the-entity-list>.

grunngjev sanksjonane med at selskapa medverkar «*to the ongoing crisis in South Sudan because they are a source of substantial revenue that, through public corruption, is used to fund the purchase of weapons and other material that undermine the peace, security, and stability of South Sudan rather than support the welfare of the South Sudanese people*».

Oppføringa av selskapa på denne sanksjonslista vert kommentert av FNs menneskerettskommisjon i ein rapport frå 2019. Der skriv kommisjonen at oppføringa er ein «*stark reminder that these companies have been found, as a consequence of their business activities, to have caused or contributed to the ongoing armed conflict and the violations against civilian in their areas of operation*»³⁹. Kva gjeld ONGC sin respons til den kritiske menneskerettssituasjonen i Sør-Sudan, viser kommisjonen til kjelder som indikerer at ONGC “[has] not shown great concern for the legacy of human rights abuses linked to oil production in the areas where they have been operating.”⁴⁰ Under lanseringa av rapporten uttala kommisjonsmedlem Andrew Clapham at “*If you are involved in oil extraction in that area and you are asked to assist one side or the other, you could be accused of complicity in war crimes.*”⁴¹

4 Informasjon frå selskapet

I brev frå selskapet av 23. juni 2020 bekreftar ONGC at den nasjonale tryggingstenesta er ansvarleg for tryggleiken ved oljefelta, og at tilsette i tryggingstenesta er utplassert i fellesføretaka gjennom oljedepartementet. ONGC framhevar i brevet at det ikkje har vore rapportert om menneskerettsbrot inne på fellesføretaka sine driftsområder. Selskapet skriv også at korkje selskapet eller datterselskapa har nokon direkte eller indirekte tilknyting til overgrepene som er omtala i tilrådinga.

Selskapet beskriv vidare vandalisme og øydelegging av fellesføretaka sin eigedom frå 2013 til 2015, og forklarar at eit viktig føremål med tryggingstiltaka rundt oljefelta er å beskytte mot slik øydelegging. Etter at verksemda er teke opp att, har fellesføretaka saman med styresmaktene oppnemnd ein uavhengig tredjepart som har gjort ei uavhengig vurdering av tryggleiksrisikoen i områda der GPOC og SPOC har lisens til å drive i Unity State. Eit av spørsmåla som vart undersøkt, var lokalbefolkinga si haldning til gjenopninga av oljefelta. Den uavhengige undersøkinga fann at «*the local population have a positive attitude towards the production resumption and were happy and hopeful for development of their areas with the resumption of operations.*»

Selskapet skriv også at det har signert *UN Global Compact Principles*, og er dedikert til å sikre implementering av desse prinsippa. Ettersom ONGC er India sitt nasjonale oljeselskap, er det også rettleia av reglar og reguleringar som følger av India sin politikk på menneskerettsfeltet. ONGC beskriv også at fellesføretaka har ei aktiv rolle i utviklinga av lokalmiljøa der dei operer i Sør-Sudan. Selskapet peikar særleg på investeringar det har gjort i helsetenester, utdanning og reit drikkevatn. ONGC skriv endeleg at fellesføretaka “*will play a vital role to tide over the financial difficulties of the nation and will cater to the critical needs of the society aiding in the community building and development of the South Sudan.*”

³⁹ FNs menneskerettsråd, 21. februar 2019, s. 138.

⁴⁰ FNs menneskerettsråd, 21. februar 2019, s. 139.

⁴¹ Reuters, *U.N. reports mass rape, killings, torture in South Sudan, seeks oil scrutiny*, 20. februar 2019 <https://fr.reuters.com/article/us-southsudan-un-idUSKCN1Q917Q>.

5 Etikkrådet si vurdering

Etikkrådet har vurdert om det er ein uakseptabel risiko for at ONGC medverkar til alvorlege krenkingar av individ sine rettar i krig og konfliktsituasjonar gjennom si verksemد i Sør-Sudan.

Sør-Sudan har vore herja av valdeleg konflikt i mange år, og overgrep mot sivilbefolkninga i landet er veldokumenterte. Normbrota er ekstremt grove, slik som massedrap, seksuell vald og tortur. Overgrep har råka svært mange menneske, og mange av offera er barn. Overgrep er mellom anna utført av styresmaktene i Sør-Sudan ved militærret og tryggingstenesta i landet. Som følgje av dei svært alvorlege overgrepene har FNs menneskerettskommisjon tilrådd at dei ansvarlege aktørane bør etterforskast for brotsverk mot menneskeheita og krigsbrotsverk.

Etikkrådet legg til grunn at selskapet må utvise ei særleg aktsemd når det operer i krig- og konfliktsituasjonar. Denne aktsemda gjeld også kven ein inngår forretningssamarbeid med, både kva gjeld private og statlege aktørar. I denne saka vert kravet til aktsemd ytterlegare styrka av at oljeindustrien i Sør-Sudan er sterkt militarisert, og at den valdelege konflikten i stor grad er driven av kontroll over oljeresursane i området der ONGC har si verksemد. Til trass for dette skjerpa kravet til aktsemd har ONGC inngått forretningssamarbeid med fleire aktørar som er ansvarlege for eller bidreg til grove overgrep.

Rådet meiner generelt det er vanskeleg å sjå føre seg at eit selskap kan drive oljevertksemد i Sør-Sudan under dei gjeldande rammevilkåra utan ein svært høg risiko for å medverke til grove normbrot. Vidare føreset ONGC si verksemد i Sør-Sudan at styresmaktene har kontroll over oljeressursane i Unity State. Ved å vere med i fellesføretaka, har ONGC etter Etikkrådet sitt syn akseptert risikoen for å medverke til grove overgrep styresmaktene gjer for å legge til rette for oljevertksemدا i regionen. I vurderinga av selskapet si medverknad legg rådet vekt på at det over fleire år har førelege omfattande informasjon om desse overgrepene, og at denne informasjonen må ha vore kjent for selskapet. I tråd med tidlegare praksis legg rådet ikkje vekt på at selskapet er minoritetseigar i fellesføretaka.

Rådet legg vidare vekt på at tryggingstenesta og militærret, som har gjort ekstreme overgrep mot sivilbefolkninga i same område, står for tryggleiken ved oljefelta som GPOC og SPOC driv. Fellesføretaka betaler for dette gjennom innbetalingar til styresmaktene, slik dei er pålagt. I tillegg har fellesføretaka gitt direkte støtte til tryggingstenesta og militærret i naturalia. Rådet legg også vekt på at selskap eigm av tyggingstenesta, yt tryggleik ved GPOC sitt hovudkontor. Også andre tilsette i tryggingstenesta arbeidar ved fellesføretaka sine kontor, og tryggingssjefen ved GPOC er brigadegeneral i den nasjonale tryggingstenesta.

ONGC si tilknyting til dei ansvarlege aktørane i konflikten vert ytterlegare styrka av at midlar fra Nilepet vert kanalisiert direkte til militære føremål utanom normale budsjettprosessar. Tryggingstenesta er også direkte involvert i Nilepet si verksemد. Rådet meiner at ONGC gjennom desse forretningssamarbeida har bidrege til å sikre inntekter og ressursar til dei ansvarlege aktørane i konflikten. Desse midlane kan ha vorte nytta til å finansiere valdelege aksjonar mot sivilbefolkninga. Samarbeidet kan også ha gitt legitimitet til dei ansvarlege aktørane og kan verte oppfatta som ein implisitt aksept av deira framferd.

Kva gjeld selskapet sine tiltak for å betre situasjonen for sivilbefolkninga, meiner rådet at desse tiltaka kan være positive, men at dei likevel ikkje er eigna til å hindre eller avbøte konsekvensane av dei ekstremt grove normbrota gjort av aktørar selskapet framleis har eit nært samarbeid med. Selskapet har ikkje gitt nokon indikasjonar på at det kan eller vil gjere endringar i eller avslutte samarbeidet med dei ansvarlege aktørane i konflikten, eller at det har

planlagt andre tiltak som etter rådet sitt syn kan avhjelpe risikoen for å medverke til normbroten. Etikkrådet legg i alle tilfelle til grunn at selskapet ikkje har tilstrekkeleg innflytelse til å hindre nye overgrep. Rådet merkar seg at sjølv om landet no er i ein skjør fredssprosess, skjer det framleis svært alvorlege overgrep mot sivilbefolkninga. Så lenge selskapet held fram å samarbeide med dei ansvarlege aktørane i konflikten, meiner rådet at det er ein uakseptabel risiko for at selskapet medverkar til slike overgrep.

6 Tilråding

Etikkrådet tilrår å utelukke Oil & Natural Gas Corp Ltd frå Statens pensjonsfond utland på grunn av ein uakseptabel risiko for at selskapet medverkar til alvorlege krenkingar av individ sine rettar i krig og konfliktsituasjonar.

Johan H. Andresen Hans Chr. Bugge
Leder

(Sign.)

Cecilie Hellestveit Trude Myklebust Brit K. S. Rugland

(Sign.)

(Sign.)

(Sign.)

(Sign.)